

# Langesund Rotaryklubb

## Rotary

### Møtereferat



Referat frå møtet 17.1.2024, veke 2.

Morgenbladet hadde 4 sider fredag den 26. juni 1840. På dei to første sidene og på 1/3 av den tredje stod eit referat frå *Sekularfesten for Bogtrykkerkunsten*. Artikkelen byrja slik: *Søndags feiredes her i Byen den vigtigste af alle menneskelige Opfinderses fjerde Sekulum*. Det var omtrent 170 Personer til stades på festen, som varte frå føremiddagen og til over midnatt. Den 32 år gamle Henrik Wergeland var til stades og las 3 dikt, først eitt *For h. M. Rongen*, så eitt *For Bogtrykkerkunsten og dens Opfinder* – og endeleg eitt *For Trykkefriheden*. Nedanfor er ein faksimile av dette siste diktet, slik det stod på s. 1–2 i avisa 26.6.1840.

5) For Trykkefriheden:  
Hvor trives noget Godt og Skjönt  
og Stort i Tvang?  
Dval Engen - Græsset bliver ei grønt;  
bind Ornen, dør den paa sin Pjunt;  
stands Kilden, som med Sang begyndt  
har raskt sin Gang,  
og den en giftig Sump vil bli'e!  
Naturen hader, stærk og fri,  
al Tvang.

Kan Andens Kilder, Tankens Flugt  
da taale Tvang?  
Skal Sandhed itkun straale smukt,  
i eget Hjerte indelukt,

som jamrende Aladdin's Frugt  
i Hulen trang?  
Nei, Presse, løft din stærke Arm!  
befri Alverden i din Harm  
fra Tvang! (Henr. W.)

**Morgenbladet.**  
Cooghyvende Aargang.  
No. 177. Fredagen den 26de Juni. 1840.

Nesten 184 år seinare, onsdag den 17. januar 2024, møttest Langesund RK for å høyre foredrag om Avistegningens betydning i nyhetsbildet. Vi var 19 fram møtte, medrekna foredragshaldaren og ein gjest.

President [president Kjersti Hamborg Martinsen](#) opna møtet med det tredje diktet Wergeland las *Søndags* i 1840 – «*For Trykkefriheden*».

Presidenten ønskte [Rolf Heimdal](#) til lykke med 73-årsdagen 11. januar. Ho fortalde vidare at ho frå fredag 12. til laurdag 13. januar var på midtvegssamling for presidentar i D2290. Der blei ho på vegner av klubben vår overrekk ein vimpel som prov på at Langesund RK i 2023 var klubben i distriktet med flest medlemmer som gav bidrag til *Annual Fund*.

Det var fire TIGRIS-innlegg.



[Sissel Berit Hoell](#) fortalde om eit snøkaos i Tønsberg ho hadde lese om i *Varden* denne onsdagen. Denne månaden har byrja med eit vintervêr vi må fleire tiår tilbake for å finne maken til, og referenten må melde pass når det gjeld alle detaljane. Det hadde byrja med ei mor som på grunn av all snøen hadde mått gå ut or bilen. Inne i bilen sat ein liten unge som greidde å låse bilen frå innsida, slik at mora ikkje kom inn att – og så var det i gang!

[Berit Midtgaard](#) hadde snakka med utvekslingelevten vår i Mexico, Theodor, som har det kjempefint. Berit hadde òg vore på Nationaltheatret og sett Sverre Anker Ousdal spele hovudrolla i *Jordbærstedet*, som byggjer på Ingmar Bergmans film *Smultronstället* frå 1957. Ei stor oppleving med ein stor skodespelar.

Rolf Heimdal hadde vore ute og møka snø. Som tidlegare nemnt er det mykje snø for tida. Rolf hadde på seg ei klokke med skrittjeljar. Då han var ferdig, viste klokka at han hadde gått 11 km!

Det var også snø heime hos Edrund Olaisen. Men den slapp ho å møke. Ho kunne fortelje at den kom Yngvar Lohne og tok seg av!

♂ OLE JOHNNY HANSEN 2024

Foredragshaldaren denne kvelden var OLE JOHNNY HANSEN, som er avisteiknar i *Varden* på det 25. året. Hansen er også rotaryanar, og har nyleg meldt overgang frå Skien RK til Porsgrunn RK.

Ved hjelp av om lag 80 avisteikningarar – andres og egne – viste han oss på ein instruktiv og overtydande måte korleis avisteikningar – eller *political cartoons*, som det meir treffande heiter på engelsk – har spela ei sentral politisk rolle. Han byrja med den velkjende teikninga frå 1805, der statsminister William Pitt og keisar Napoléon deler verda – framstilt som ein *plum pudding* – mellom seg.



Utover i foredraget viste han oss fleire av sine egne teikningar, som den av Robin Martin Kåss, ordførar i Porsgrunn frå 2015 til 2023, og ein kommentar til vaksinemotstandarane i 2020:

- *Mora*: Jeg er vaksinemotstander.
- *Mannen med ljåen*: Kult!

Hansen fortalde at han alltid har teikna, heilt sidan han var liten gut. Eit fint og underholdande foredrag!

Langesund, 20..1.2024,  
Rolf Theil



Ole Johnny Hansen

